



Voss Naturvernlag
Lekvebakken 6
5704 VOSS

Dykkar referanse: Hilde Skorve

Dato: 09.05.2014
Vår ref.: 2014/10847-53
Saksbehandlar: kjesigm
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2014 – Tilsegn om kr 6 000,- til Voss Naturvernlag – Voss i berekraftig utvikling?

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde prosjekt datert 31.03.2014. De søkte om kr. 6.000,-. Vi har i 2014 motteke i alt 27 søknadar om tilskot, samla søknadsum er kr. 1.587.080,- medan budsjettposten er på kr. 655.000,-.

Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 6.000,-** til prosjektet frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2014.

Beløpet blir overført til kontonummer: ?

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljø>

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Å lage eit grasrotnettverk på Voss likande det som allereie finnes på Landås (Bærekraftige liv på Landås).

Enkel beskriving av prosjektet:

- Agnes Tvinnereim frå nettverket Bærekraftige liv på Landås kjem til Voss og held eit innlegg om korleis dei klarte å få dette til.
- Voss vil prøve å starte noko liknande.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Hilde Skorve

Planlagt slutt: -

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptkjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profiling

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetalning

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttrekneskapsskjema